



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

# STRANDEBARM SKULE



**18. februar 2010**

*Strandebarm skule*  
*rektor: Olaug Værland*  
*Tangeråsneset 35*  
*5630 STRANDEBARM*  
*56 55 68 70*  
*olaug.vaerland@kvam.kommune.no*



## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderarar?**

14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere grunnskulane i regionen i løpet av 3-4 år. Målet er 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om skulen

Strandebarm skule (1.-10.trinn) tok i bruk nytt skulebygg og ny idretts- og symjehall i løpet av skuleåret 2008-09. Elevar og tilsette kan boltra seg på eit unikt område der Strandebarm skule- og idrettspark ligg plassert kloss i Hardangerfjorden. Utsikt til fjorden, Folgefonna og fjellpartia i Kvinnherad, lagar ei flott ramme rundt skulekvardagen.

Skuleåret 2009-10 starta ca. 105 elevar frå bygdene Mundheim, Oma, Strandebarm og Innstranda på barnetrinnet, medan ca. 65 elevar frå dei same bygdene + Tørvikbygd starta opp på ungdomstrinnet.

Skulen sin visjon er:

*Strandebarm skule – ein lærande organisasjon.*

*Ein arbeidsplass der elevar og tilsette opplever tryggleik og gode læreprosessar, tileignar seg kunnskapar for liv og arbeid og der samarbeidet mellom skule og heim fungerer godt.*

## 3 – Vurderingstema

### DEN DIGITALE KVARDAGEN PÅ STRANDEBARM SKULE

Skulen er ny og har tatt i bruk moderne digitalt utstyr som projektor, lerret og lyd i alle klassar i tillegg til digitale tavler på to av klasseromma. Det er lagt godt til rette for å bruka desse verktya i undervisninga, og skulen ynskjer å verta best mogleg i høve til temaet.





## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav



*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriteria er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriteria samanlikna med den informasjon som er samla om temaet. Det er gjort gjennom intervju, påstandsskjema og observasjon på skulen i tillegg til dei dokumenta som skulen har lagt fram.*

*Kriteria i denne rapporten er utforma av vurderarane i samarbeid med skulen.*

### TEMA: DEN DIGITALE KVARDAGEN PÅ STRANDEBARM SKULE

<b>Kriterium</b>	<b>Teikn på god praksis</b>
Skulen er ein lærande organisasjon med tanke på digital kvardag	<ol style="list-style-type: none"><li>1. leiinga gjev god informasjon via digitale kanalar</li><li>2. leiinga legg til rette for at lærarane utviklar fagdidaktisk digital kompetanse med utgangspunkt i eigen praksis gjennom erfaringsdeling</li><li>3. skulen har system for pedagogisk programvare</li><li>4. skulen har ei felles forståing av at digital kompetanse er nyttig for elevane si læring</li><li>5. skulen legg til rette for kompetanseutvikling i personalet</li><li>6. skulen har ein opplæringsplan for digitale ferdigheiter</li></ol>
Digitale verkty er hjelpemiddel i læringsarbeidet	<ol style="list-style-type: none"><li>1. lærarane er kjende med digitale kompetansemål i K06</li><li>2. lærarane nyttar digitale verkty i alle fag</li><li>3. skulen har kompetanse på maskinvare (PC, digitalt kamera, scanner, skrivar, CD-brennar, projektor, digital tavle og mp3-spelar)</li><li>4. skulen har kompetanse på operativsystem</li><li>5. lærarane bruker dei digitale publiseringsverktuya til skulen</li></ol>
Lærarane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	<ol style="list-style-type: none"><li>1. lærarane bruker datamaskin i før- og etterarbeidet sitt</li><li>2. lærarane kan bruka det digitale utstyret til skulen (videokanon, active board m.m)</li><li>3. lærarane har kompetanse på pedagogisk programvare (spel og læreprogram)</li><li>4. lærarane har kompetanse på publiserings- og bearbeidingsverktuy (tekstbehandlingsverktuy, skriveverktuy, presentasjonsprogram/multimedieverktuy, rekneark, lydprogram, mediespelar, teikneprogram, filmredigeringsverktuy, biletsbehandlingsprogram, heimesideprogram, søkeverktuy, nettlesar)</li><li>5. lærarane har kompetanse på it's learning</li></ol>
Elevane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	<ol style="list-style-type: none"><li>1. elevane får opplæring i IKT</li><li>2. elevane bruker digitale verkty jamleg i alle fag</li><li>3. elevane kan vurdere, bruka og velja ut den informasjonen dei finn digitalt</li><li>4. elevane bruker it's learning jamleg til skule- og leksearbeid</li><li>5. elevane bruker ulike læringsprogram</li></ol>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Tilsette, elevar, skuleleiing, foreldre
- Eksterne: Sten Tore Svennes og Liv Kristoffersen frå Hardanger/Voss kompetanseregion.

Temaet om digital kvardag er eit tema som, i tillegg til elevane og impliserer lærarar og føresette. Det er difor naturleg at alle desse partane er med.

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.*

*Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*

Tid	Tiltak	Ansvar
09.12.09	Vurderingsgruppa har bestemt at Liv Kristoffersen og Sten Tore Svennes er vurderarar Vurderingsveke fastlagt til veke 7 Tema: <i>Den digitale kvardagen på Strandebarm skule</i>	Vurderarar/ skule Skulen
06.01.2010	Telefonsamtale mellom vurderarar og skulen: Tema: Vurderingstema, tidsplan, glansbilete, foreldremøte og praktiske spørsmål vedkomande vurderinga.	Vurderarar/ rektor
Veke 2	Forslag til kriterium til glansbilete vert utarbeidd og sendt skulen. Skulen får tilsendt tidsplan.	Vurderarane
Veke 3	Skulen informerer elevar og føresette om ekstern vurdering. Skulen sender innkalling til foreldrerepresentantane i FAU (to for kvar klasse, vara dersom nokon ikkje kan møta), måndag 15/2 kl. 19.00-20.30. Skulen kallar inn til framlegging av rapport. Skuleeigar vert invitert.	Rektor
Veke 2-5	Skulen og vurderarane arbeider med glansbilete.	Vurderarar/ skulen
Veke 6	Vurderarane utarbeider samtaleguidar til intervju/møte.	Vurderarane
Veke 7	Møte med rektor kvar dag. Møte med føresette måndag kveld. Intervju med elevar/lærarar og observasjon måndag – onsdag. Framlegging av rapport torsdag kl. 14.15	Rektor set opp tidsplan for samtalar, observasjon og framlegging.
Veke 7	Rapportar vert sendt rektor og skuleeigar. Offisiell rapport utan vedlegg vert og sendt kompetanseregionen for arkivering og utlegging på heimesida.	Vurderarane



## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane relevante dokument før vurderinga: verksemdsplanar, halvårsplanar, vekeplanar, resultat av elevundersøkinga og GSI / Kostra-tal som har med IKT å gjera.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilette med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Glansbiletet er godkjent av skulen.

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Tema i desse samtalan er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Vurderarane hadde samtalar med alle lærartema og fem elevgrupper.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane. Det møtte 11 føresette på møtet.

### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

### Observasjon

Me observerte i 10 grupper.



## 8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### Skulen er ein lærande organisasjon med tanke på digital kvardag

- ✓ leiinga gjev god informasjon via digitale kanalar
- ✓ leiinga legg til rette for at lærarane utviklar fagdidaktisk digital kompetanse med utgangspunkt i eigen praksis gjennom erfaringsdeling
- ✓ skulen har ei felles forståing av at digital kompetanse er nyttig for elevane si læring

Leinga gjev god informasjon via digitale kanalar. Dette får me stadfeste både frå elevar, føresette og tilsette. Informasjonen vert gjeve gjennom skulen si heimeside i høve til skulemiljøet. I høve dei tilsette vert informasjon gjeve gjennom e-post og etter kvart noko på it's learning. Frå leiinga vert det også lagt inn informasjon internt til tilsette på fellesområdet.

På teammøta er det lagt til rette for at teama kan velja å ha erfaringsdeling kring digital lærande kvardag. I samtalar med dei tilsette fekk me høyra at dei hadde dei brukt erfaringsdeling til mellom anna å visa kvarandre nettressursar og program i høve til spesifikke fag.

I samtale med tilsette og leiinga kjem det klart fram at alle i skulen har felles forståing av at digital kompetanse er nyttig for elevane si læring, noko som gjev eit godt grunnlag for skulen sitt utviklingsarbeid innan temaet. Denne haldninga får ein stadfesta gjennom observasjonar i klasseromma.

- ✓ skulen har system for pedagogisk programvare

Kommunen har eit felles system for programvare for alle skulane i Kvam. Me såg "Skuletreet" i bruk på barnesteget.

### Digitale verkty er hjelpemiddel i læringsarbeidet

- ✓ lærarane er kjende med digitale kompetansemål i K06
- ✓ lærarane nyttar digitale verktøy i alle fag
- ✓ skulen har kompetanse på maskinvare (*PC, digitalt kamera, scanner, skrivar, CD-brennar, projektor, digital tavle og mp3-spelar*)

Skulen har projektor og lerret i alle klasserom og spesialrom. Det er Active Board på kvar av dei to vitenromma. Ein lærar har som spesialfelt å bruka denne i teknologi og design. Ho underviser ulike elevgrupper der og har etter kvart opplæring for kollegaer. Active Board vert også brukt noko i andre fag på 10.trinnet. På barnesteget er det 5–6 stasjonære datamaskiner med Internett i alle klasseromma. På ungdomssteget er det utplassert nokre berbare og stasjonære datamaskiner. I tillegg har nokre av fellesområda stasjonære datamaskiner.

Alle lærarane har kvar si berbare datamaskin. Skulen har også eige lydstudio. Me ser gjennom observasjon, og får vita gjennom samtalar, at dei digitale verktya vert nytta mykje i læringsarbeidet. Ein ser at lærarane gjennom tydeleg klasseleiing får til smidige overgangar og forflytningar i bruk av det digitale utstyret.



- ✓ lærarane bruker dei digitale publiseringsverktøya til skulen

Lærarane legg ut informasjon til føresette på heimesida til skulen. Her kan nemnas årsplanar, innkalling til møter og referat.

## **Lærarane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty**

- ✓ lærarane bruker datamaskin i før- og etterarbeidet sitt

Gjennom samtale og i dokumentanalyse ser me at lærarane nyttar flittig datamaskina i både før- og etterarbeidet. Her kan ein nemna rettingsarbeid, arbeidsplanar, bruk av it's learning og førebuing til timar der ein nyttar digitale hjelpemidlar.

- ✓ lærarane har kompetanse på pedagogisk programvare (*spel og læreprogram*)
- ✓ lærarane har kompetanse på publiserings- og bearbeidingsverktøya (*tekstbehandlingsverktøya, skriveverktøya, presentasjonsprogram/multimedieverktøya, rekneark, lydprogram, mediespelar, teikneprogram, filmredigeringsverktøya, biletebehandlingsprogram, heimesideprogram, søkeverktøya, nettlesar*)
- ✓ lærarane har kompetanse på it's learning

Observasjonane syner at lærarane flittig brukar pedagogisk programvare i timane, både det ein finn på "Skuletreet" og nettressursar til læringsverk. Dette vert og stadfesta gjennom samtalar med lærarane. Me såg døme på bruk av rekneark, tekstbehandling, bruk av videokanon, Internetsøk og arbeid på it's learning.

## **Elevane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty**

- ✓ elevane får opplæring i IKT

På barnesteget seier lærarane og elevane at dei får opplæring på rekneark, søk på Internett, enkel opplæring på it's learning, reglar for databruk og bruk av pedagogisk programvare. På ungdomssteget seier elevane at dei har fått opplæring på Xmind, OpenOffice og it's learning. Lærarane har kurs for elevane når dei startar på ungdomssteget. Opplæring av rekneark vert gjeve i matematikkundervisninga.

- ✓ elevane bruker digitale verktøy jamleg i alle fag
- ✓ elevane bruker it's learning jamleg til skule- og leksearbeid
- ✓ elevane bruker ulike læringsprogram

Me såg at elevane brukte datamaskinene til it's learning på ungdomssteget og ulike læringsprogram på barnesteget. I samtale med elevane og lærarane vart dette stadfesta.



## 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### Skulen er ein lærande organisasjon med tanke på digital kvardag

- ✓ skulen har system for pedagogisk programvare

Det kommunale systemet med "Skuletreet" har eit breitt utval av program for dei yngste elevane. Programma vart lite brukt av dei eldre elevane. Det ville vore nyttig at det eksisterande systemet vart utvida med fleire program. Kanskje det kunne vore lagt inn gode gratisprogram inn i systemet? Døme på gratisprogram mange skular nyttar er "Molekult" (ineraktivt spel der elevar byggjer molekyl), tankekartprogram og "Geogebra" (eit dynamisk matematikkprogram). I observasjon og i samtalar med elevar, føresette og tilsette kjem det fram at det tar tid å koma seg inn i programma til "Skuletreet".

Å finna dei gode nettressursane er tidkrevjande for den enkelte lærar. Alle brukar Lokus123 og me fekk høyra i intervju at lærarar kjem med tips til kvarandre gjennom faggruppene. it's learning har ein funksjon som lar lærarar leggja til digitalt innhald frå eksterne innhaldsleverandørar.

Skulen kan vurdere om dei vil leggja til rette for at nettressursar for fag kan delast: lenkjer kan samlast innan fag på fellesområde, it's learning eller heimeside.

- ✓ skulen legg til rette for kompetanseutvikling i personalet
- ✓ skulen har ein opplæringsplan for digitale ferdigheiter

Skulen har ikkje plan for kompetanseutvikling i personalet eller plan for kva elevane skal læra på dei ulike årsstega. Det vert uoversikteleg for lærarar og leiing å vite kva som er forventta kompetanse hjå lærarane og kva som vert kravd i det faget ein underviser i. Samtidig er det viktig med felles forståing av kva elevane skal læra på dei ulike årsstega. Konsekvensane av manglande plan er at det vert mykje opp til den enkelte lærar. Ein IKT-plan vil sikra at elevane får den same opplæringa i samsvar med læreplanen. Kompetanseplanen kan sikra at lærarane har kompetanse til å gje den opplæringa dei skal i etter IKT-planen.

### Digitale verkty er hjelpemiddel i læringsarbeidet

- ✓ lærarane er kjende med digitale kompetansemål i K06
- ✓ lærarane nyttar digitale verktøy i alle fag

I dokumentanalysen såg me på årsplanane i klassane. Ikkje alle planane hadde lik utforming. Den nye malen for årsplanar som skulen har bestemt å bruka, gir ei tydeleg oversikt over mål, arbeidsmåtar og evaluering. Med å få på plass ein IKT-plan vil lærarane kunne bruka denne for å få inn dei digitale kompetansemåla i årsplanane sine. Med denne måten å jobbe på, vil IKT-planen verta ein levande plan.



På nettstaden til "Nettverk for miljølære" har Strandebarm skule lagt inn registreringar på solenergi og "Vårsjekken" i 2008, på "Vårsjekken" i 2006 og inn klima i 2009. Nettstaden er lagt til rette for at elevar kan registrera og publisera egne resultat og samanlikna dei med andre.

www.viten.no tilbyr undervisningsprogram i naturfag for elevar frå ungdomstrinn og vidaregåande skule. Her er informasjon presentert på ulike måtar og elevane kan svara på oppgåver i ei elektroniske lærebok.

"Nysgjerrigpermetoden" (forenkla utgåve av den hypotetisk-deduktive metode). er eit verkty der elvar og lærarar kan oppretta arbeidsområde på nett og laga ein prosjektrapport.

- ✓ skulen har kompetanse på maskinvare  
(PC, digitalt kamera, scanner, skrivar, CD-brennar, projektor, digital tavle og mp3-spelar)

Skulen har ressurs på 1 time i veka og to lærarar med samlingsstyrarressurs som er øyremerkta IKT. I tillegg skal drift av nett og maskinvare driftas frå IKT-avdelinga sentralt i kommunen. Med ein sliten maskinpark og stort tal maskinar, er ressursen internt på skulen avgrensa til at dei klarer å drifte dette aleine. I tillegg kjem det fram i samtalar med leiing, lærarar, føresette og elevar at driftsavdelinga sentralt ikkje klarer å fylgja opp løpande vedlikehald av maskinvare. Maskinane fungerer ofte ikkje, og det kan ta lang tid før dei vert reparerte. Det tek lang tid å koma seg inn på maskinar og nettverk.

Driftsavdelinga sentralt har rettar til å gjera inngrep på programvare og nettverk. Me opplevde at automatisk oppdatering og restart av lærar si datamaskin vart sett i gang midt i ein undervisningstime utan høve for nokon på skulen til å stoppa dette.

Det er mange av skulen sine datamaskiner som ikkje fungerer - med det resultat at mange av elevane tek med seg si private berbare datamaskin.

Observasjonen stadfesta at fleire av skulen sine pc-ar ikkje fungerte når elevane skulle bruke dei. Ein elev fekk den sjette datamaskina til å fungera...

## **Lærarane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty**

- ✓ lærarane har kompetanse på publiserings- og bearbeidingsverkty (tekstbehandlingsverkty, skriveverkty, presentasjonsprogram/multimedieverkty, rekneark, lydprogram, mediespelar, teikneprogram, filmredigeringsverkty, biletebehandlingsprogram, heimesideprogram, søkeverkty, nettlesar)
- ✓ lærarane har kompetanse på it's learning

Utviklingsområda i dette kriteriet heng saman med utviklingsområda i dei to føregåande kriteria.

Skulane i kommunen skal bruka OpenOffice. I samtalar med tilsette, elevar og føresette kjem det fram ein del frustrasjon i samband med bruk av denne programvara. Dei fleste brukar andre program privat, og opplever problem med opning av filer mellom OpenOffice og desse programma. Så lenge skulen er pålagt å bruka dette programmet, bør ein finna løysingar for å få ned frustrasjonsnivået.



## **Elevane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty**

- ✓ elevane får opplæring i IKT

Manglande IKT-plan gjer at opplæringa vert avhengig av kva lærarar elevane har. Dette vert stadfesta i samtalar med elevar, føresette og lærarar.

Det er ein fordel at elevar lærer å bruka touch-metoden på tastaturet slik at tankeverksemda under skriveprosessen fullt og heilt vert brukt på teksten dei skal skriva. I samtalar med lærarane på 1. – 4. trinn kom det fram at dette er noko dei er interesserte i å få til. Nokre peikte på at det kan vera vanskeleg for små hender å bruka vanlege tastatur. Dette kan løysast ved å bruka minitastatur. DrillPro Touch ligg i skuletreet til heradet.

Nettstaden <http://musisktastaturleik.weblogg.no/> har tips til korleis ein kan læra elevar å bruka touch-metoden.

- ✓ elevane bruker digitale verktøy jamleg i alle fag

Bruk av digitalt verkty er mellom anna avhengig av tilgjengelegheit. Digitale tavler berre på vitenromma, gjer at det vert høgare terskel for lærarane frå 1. – 4. klasse til å bruka eit digitalt verkty som er godt egna for si elevgruppe. Datamaskiner som ikkje er til å stole på, gjer at ein unngår å leggje til rette for bruk av desse. Vert dette betre, kan ein igjen opna for at lærarane tek i bruk eit vidare omfang av digitale verkty som GPS, digitale kamera, digital vørstasjon og anna.

- ✓ elevane kan vurdera, bruka og velja ut den informasjonen dei finn digitalt

Me har sett døme på at det er ulik praksis frå lærarane si side på vurdering, bruk og utveljing av informasjon som ein finn digitalt. Dette vert også stadfesta i samtale med elevane og lærarane. Til dømes vel nokre av lærarane å tilvisa til Wikipedia, medan andre vil at elevane vurderer fleire alternativ.

Dei føresette var oppteke av at elevane må læra godt nettvett. Leiinga og lærarane synta til noko nyleg arbeid kring nettvett. Me fekk sjå nokre eldre skriv kring IKT-bruk og nettvett. Kanskje det var ein ide for skulen å setje dette inn i eit system? Her fins ulike program og hjelpemiddel frå t.d. Barnevakten, Utdanningsdirektoratet og Datatilsynet.

- ✓ elevane bruker it's learning jamleg til skule- og leksearbeid

På grunn av datamaskiner som ikkje fungerer og systemet kring brukarnamn og passord for elevane vert it's learning lite brukt på barnesteget.

Ungdomssteget fekk dette betre til ved bruk av private elevmaskiner. Dette er ikkje ei aktuell løysing for dei yngste elevane. Dei yngste elevane slit med å hugsa passord. Her kan det vera lurt å finne ei anna løysing.



## 10 – Vidare arbeid

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Strandebarm, 18/2-2010

Liv Kristoffersen

Sten Tore Svenes



## Vedlegg 1

### Elevar 3. – 7. trinn

Kriterium	Spørsmål og svar
	Kva er bra på Strandebarm skule?
	Kva kan verta betre på Strandebarm skule?
Skulen er ein lærande organisasjon med tanke på digital kvardag	7. Kva står det om på heimesida til Strandebarm skule?
Digitale verkty er hjelpemiddel i læringsarbeidet	6. <b>Har de brukt digitalt utstyr</b> (PC, digitalt kamera, scanner, skrivar, CD-brennar, prosjektor, digital tavle og mp3-spelar) i undervisninga? Korleis brukte de det? 7. Kva brukar lærarane digitalt verkty til?
Lærarane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	6. Kva kan lærarane om dataprogram? 7. Kva kan lærarane om It's learning?
Elevane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	1. Kva opplæring har de fått innan IKT på skulen? 2. Kva spel og læreprogram brukar de i undervisninga? 3. Når de skal finna informasjon på Internett får de ofte mange treff. Korleis veit de kva for informasjon de bør bruka? 4. Korleis brukar de It's learning?



## Vedlegg 2

### Elevar ungdomstrinn

Kriterium	Spørsmål og svar
	Kva er bra på Strandebarm skule?
	Kva kan verta betre på Strandebarm skule?
Skulen er ein lærande organisasjon med tanke på digital kvardag	8. Korleis får de informasjon digitalt frå skulen? 9. Korleis opplever de at skulen arbeider med digitale verkty og digital kompetanse?
Digitale verkty er hjelpemiddel i læringsarbeidet	8. Kva digitale verkty brukar lærarane? I kva fag vert dei brukt? 9. Kva for maskinvare har skulen? <i>(PC, digitalt kamera, scanner, skrivar, CD-brennar, prosjektor, digital tavle og mp3-spelar)</i> Har skulen kompetanse for bruk av dette utstyret?
Lærarane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	8. Sei noko om påstanden: lærarane har kompetanse på pedagogisk programvare <i>(spel og læreprogram)</i> 9. Sei noko om påstanden: lærarane har kompetanse på publiserings- og bearbeidingsverkty <i>(tekstbehandlingsverkty, skriveverkty, presentasjonsprogram/multimedieverkty, rekneark, lydprogram, mediespelar, teikneprogram, filmredigeringsverkty, biletsbehandlingsprogram, heimesideprogram, søkeverkty, nettlesar)</i> 10. Sei noko om påstanden: lærarane har kompetanse på It's learning
Elevane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	6. Kva opplæring har de fått innan IKT på skulen? 7. Kva læreprogram brukar de i undervisninga? 8. Kva digitale verkty brukar de? I kva fag vert dei brukt? 9. Kva opplæring har de fått om å vurdere, bruka og velja ut den informasjonen de finn digitalt? 10. Korleis brukar de It's learning?



### Vedlegg 3

#### Føresette

Kriterium	Spørsmål og svar
	Set opp punkt de meiner Strandebarm skule er flinke til:
	Set opp punkt de meiner Strandebarm skule kan bli flinkare til:
	Set opp punkt de meiner dei føresette kan bli flinkare til:
Skulen er ein lærande organisasjon med tanke på digital kvardag	<p>10. Kva informasjon får de frå skulen via digitale kanalar? Kva digitale kanalar vert nytta?</p> <p>11. Brukar elevane pedagogisk programvare (<i>spel og læreprogram</i>) i undervisninga?</p> <p>12. Korleis opplever de som føresette at skulen arbeider med digitale verkty og digital kompetanse?</p>
Digitale verkty er hjelpemiddel i læringsarbeidet	<p>1. Kva digitale verkty veit de at skulen brukar og i kva fag?</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• maskinvare (<i>PC, digitalt kamera, scanner, skrivar, CD-brennar, prosjektor, digital tavle og mp3-spelar</i>)?</li><li>• publiserings- og bearbeidingsverkty? (<i>tekstbehandlingsverkty, skriveverkty, presentasjonsprogram/multimedieverkty, rekneark, lydprogram, mediespelar, teikneprogram, filmredigeringsverkty, biletsbehandlingsprogram, heimesideprogram, søkeverkty, nettlesar</i>)</li></ul>
Lærarane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	<p>1. Korleis vert It's learning brukt?</p>
Elevane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	<p>11. Kva opplæring får elevane innan IKT?</p> <p>12. Brukar elevane digitale verkty jamleg i alle fag?</p> <p>13. Kan elevane vurdere, bruka og velja ut den informasjonen dei finn digitalt?</p>



## Vedlegg 4

### Tilsette

Kriterium	Spørsmål og svar
Skulen er ein lærande organisasjon med tanke på digital kvardag	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Kva informasjon får de digitalt frå leiinga?</li><li>2. Korleis er det lagt til rette for at de skal kunna utvikla fagdidaktisk digital kompetanse?</li><li>3. Kva system har skulen for pedagogisk programvare?</li><li>4. Sei noko om påstanden: skulen har ei felles forståing av at digital kompetanse er nyttig for elevane si læring</li></ol>
Digitale verkty er hjelpemiddel i læringsarbeidet	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Sei noko om korleis de arbeider med dei digitale kompetansemåla i K06</li><li>2. Kva digitale verkty brukar de og i kva fag brukar de dei i?</li><li>3. Kva kompetanse har skulen på maskinvare (PC, digitalt kamera, scanner, skrivar, CD-brennar, prosjektor, digital tavle og mp3-spelar)?</li><li>4. Kva kompetanse har skulen på operativsystem?</li><li>5. Korleis brukar de som lærarar dei digitale publiseringsverktya til skulen?</li></ol>
Lærarane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Korleis brukar de datamaskin i før- og etterarbeid?</li><li>2. Kva kompetanse har de på pedagogisk programvare (spel og læreprogram)?</li><li>3. Kva kompetanse har de på publiserings- og bearbeidingsverkty (tekstbehandlingsverkty, skriveverkty, presentasjonsprogram/multimedieverkty, rekneark, lydprogram, mediespelar, teikneprogram, filmredigeringsverkty, biletsbehandlingsprogram, heimesideprogram, søkeverkty, nettlesar)?</li><li>4. Korleis brukar de It's learning?</li></ol>
Elevane har ferdigheiter i bruk av digitale verkty	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Korleis får elevane opplæring i IKT?</li><li>2. Sei noko om påstanden: elevane kan vurdere, bruka og velja ut den informasjonen dei finn digitalt</li><li>3. Korleis bruker elevane it's learning jamleg til skule- og leksearbeid</li><li>4. Kva læringsprogram brukar elevane?</li></ol>